

1. Å nikke til ja og riste på hue til nei er visst vanleg overalt.
2. Her er det skjedd eit skifte dei siste hundre år. Min morfar f. i Våler i Solør 1835 helste åt alle han møtte etter vegen, og hans jamaldringar gjorde det. Mor fortalde at da ho f. 1867 spode om han kjende dei han helste til, svara han: "Nei. Men det var et menneske." Mor og hennar jamaldringar helste vanlegvis berre til kjens folk. Regelen er ikkje absolutt. Til fjells o.l. helsar ein ofte på ukjende den dag i dag.
3. Regelen var at kar helste fyrst på kvinne, yngre helste fyrst på eldre. Men det ikkje så stivt med dette för som det seinare har vori.
4. Kva ein seier og gjer når ein helsar, det må bli ulikt i ulike höve. Eg finn ingen grunn til å gå nærmare inn på det, for di skikken er den same no som för mellom bygdefolk. Dei tek alltid til med nokre ord om veret og föret. Byfolk spør korleis det står til, men er utan interesse for svaret.
5. Her lyt ein fyrst vita kven "ein" er. Det skilde like mykkje det som kven den mötande var. Eg er redd det materialet de får inn her, vil bli lite pålitande nett for det somme vil sjå det ut frå gardbrukarsynstad, somme frå tenarsynstad og somme vil tenkje på dei instruksjonar dei fekk som småborn. I kvarlagslaget helste bygdefolk utan å ta lua av seg, som dei enno gjer når dei arbeider. I högtidslag, gravöl e.l., helsa dei like högtidsamt på kvarandre som på presten. Folk gjorde vanlegvis ingen serleg skilnad på embetsfolk og andre vyrde bygdefolk, men midt i före hundreåret var det ein del prestar som stansa og irettesette folk for dei ikkje tok av seg lua og helste. Det heng kanskje ihop med andre skikkar andre stader, eller med embetsmannssnobberi. På Hedmarka sa dei om ein prest kring 1900 at han treivst best i annekset, mellom storböndene frammi bygda greidde han ikkje å hevde seg. Folkehumoren har alltid vori lei mot embetsfolket. Men dei fleste prestar var menneske mellom menneske, og vyrd deretter. I Österdalen har ein, serleg i mannsalderen 1870-1900 hatt skogeigarar som har kravd lua i hand og underdanighet av arbeidsfolket. Det har vori betre både för og sia.
6. Har aldri höyrt det.
7. Ja, sjå under 5. Folk som såg kvarandre dagstött, handhelssa i eit lag av innbedne gjester.

8. Sjå 7. Ein handhelste alltid på innbedne gjeste, og framande som ein bad inn i stua. I ei gravferd gjekk ein rundt og tok stort og smått i neven. Ikkje born i vogga, men dei som stabba rundt og ofte hadde vanskar med "penhanda" skulle ein helse på. Det har alltid vori taktlaust å oversjø ein liten kryp, som stod og venta på sin tur.
9. Det hende nok.
10. Til vanleg ikkje. Det var kanskje litt ansleis når julhelga var ringd inn.
11. Ein steig til side og stod roleg til likferda hadde reist. Köyrde ein, var det det same, ein köyrde godt av og stansa. Å sprengje seg framom var sett på som lite sömeleg.
12. Eg kjenner til slikt frå Ringsaker, men ikkje frå Elverum og Våler.
13. "Gomorn" sa dei om morgonen, "godag" tok dei til med tidleg på föremiddagen, og det var vanlege helsinga når folk möttes til langt på eftan. Det har vori ein liten tendens til å bruke "godag" når ein mötes og "morn" når ein skils. Like eins sa ein "go kveld" når ein steig inn hos framande etter endt dag, men "go natt" når ein gjekk og la seg. För 1900 var det meir system i det enn det sia har vori. Svenskane har her vori meir konservative I anleggstida kring 1910 la vi smågutane merke til koss svenskane sa "go mårån", "go afton", "go dagen" "go kveld" etter tida på dagen. Nordmennene hadde alt da teki til med "morn" mest dögeret rundt.
14. Ikkje no lenger.
17. Mi oldemor f.1809 helsa "Guds fred" når ho skulle vera högtidsam (död 1890). ~~N~~ Men det hadde ho helst frå Bibelen "Signe arbeidet", "Signe maten" har eg höyrt mange gonger utan at eg kan seia det har vori vanleg.
18. Ja, men ofte som tome talemåtar.
19. Ikkje til same person. Mötte ein mannen ute og kona inne, vart dets sjölvsagt dobbelt.
20. För som no.
21. Ein banka på döra hos framande, og når ein steig inn i eit soverom, og det gjer ein enno.
22. "Kom inn".
23. Ein skulle aldri syne hastverk når ein steig inn. Ein kar tok no lua av og helsa. Vertsfolket helsa og sette fram ein stol. Vinka til ein smågut om å gjera det. Var det storframand som kom kjökenvegen, vart dei med ein gong fylgde gjennom gangen inn i stua. Finstua, som stod på stas. Til folk flest sa ein: Sjå åt du får sitta. ~~DM~~ Stig frampå. O.l. I seinare tid :Versgo,sit ned. Du får slå deg ned.

24. Lua tok ein av straks ein kom inn. Det galdt alle.
25. Sjå 23.
26. Sjölvsgagt. Lensmann, prest og slekt og vener ein sjeldan såg vart vist åt finstua. Folk flest med ærend vart bodi sæte. Fant og ofte ungar fekk seia ærende ståande, serleg om husens folk var travelt opptekne med arbeid.
27. Godag, det var da hugsamt. Godag og takk for sist. (Tryslingane vart skulda for å seia "Takk for sist" jamvel til folk dei aldri hadde sett.) Velkomme hit. Det var ein sjeldsynt kar å sjå. Folk som laut presentere seg vart sjölvsgagt meir stivt mottekne. Dei laut ofte sjölv bryte isen, kan ein seia, serleg om dei ikkje var kjent av namn heller. Symaskinagentar o.l. Folk var ikkje ugjestmilde, men dei hadde gjerne travelt med arbeid, og prøvde å gjera det klart utan å seia det beint fram.
28. 27. Somme turka nok av stolen. Men ikkje alltid. Var det småungar som stabba rundt, vart det gjerne gjort. Det var i allfall leit om gjesten fyrst skulle sjå merke etter ei barnehand e.l.
29. Sjå ovafor.
30. "Go morn, da" "Ha det bra". "lev vel" "Stå på deg bra.
31. "Far vel" "Lev vel" "Stå på deg (dykk) bra" (Vanleg i Sör-Österdalen). For siste gong, det vart no meir personleg. Da brukte ein helst ikkje stereotype uttrykk.
32. Nei. Kysse så andre såg det var ei skam.
39. Bryne nasa med småborn var brukt. Det var no folk i huset.
41. Stela nasan og etterpå stikke tommelfingeren fram mellom peikefinger og langfinger "Her er 'n" Det var ein leik
42. "Gi gokjeka" det gjorde småborn med mor, far og besteforeldre eldre sysken.
44. Ordet "gratulere" har vori i bruk lenge jamsides "til lykke" Derimot er "kondolere" nytt. Far sa ein gong kring 1910 kondolere til ein bonde på 60. Han forsto ikkje, "jasså", svara han.
45. För som no.
47. Takkinga var det faste reglar for. "Vel bekomme" for mat, "Slite mee helsa" for klede og bruksting. "Itno å takke for" ei teneste. For mat og kaffe sa ein gjerne: Takk og ære. Sa ein berre takk, hende det ein vart spurd om kaffen var for tynn e.l. Og ære, da var alt vel.
48. Ukjent.
50. Österdöler og solungar seier "du" til alle. Hedmarkingen bruker "DE" og Dekk" til alle eldre og mindre kjende.